



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi tilrår vern av Kudalen som naturreservat i Stad kommune, Vestland

Statsforvaltaren i Vestland tilrår frivillig skogvern av Kudalen i Stad kommune. Arealet dekkjer heile gradienten frå fjord til fjell i midtre Nordfjord og ligg i ei varm li vendt mot sør- sørvest. Kudalen består av gammal furuskog med bjørk og osp. Mykje lungenever og hengelav er jamt fordelt i området som vart kartlagt. At området ligg i boreonemoral sone, delvis lokalisert i lågareliggjande område og har ein del areal på høgare bonitetar gjer i tillegg området relevant i vernesamanheng. Kudalen har regionale til nasjonale verneverdiar (**/***) stjerner).



Figur 1 Kudalen ligg i ei sør-sørvestvendt li frå fjord til fjell i midtre Nordfjord og vil bidra til å delvis oppfylle manglane i skogvernet i Vestland.



Kudalen vil delvis fylle manglar i skogvernet i Vestland. Det føreslegne verneområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 18/1-4 og er eit sameige med fire private grunneigarar. Arealet har ein storleik på 1600 dekar.

Heimelsgrunnlag

Kudalen blir tilrådd verna i medhald av naturmangfaldlova. I lova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar i §§ 35 til 39. Generelle mål for områdevern følger av naturmangfaldlova § 33. Føremålet med det enkelte verneområdet må bli skildra konkret og bli knytt opp mot forskrifta som gjeld den enkelte vernekategori i §§ 36 og 37. Naturreservat er den strengaste forma for vern etter naturmangfaldlova.

Oppretting av naturreservat blir vedteke av Kongen i statsråd etter lov om naturmangfald § 37:

Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur*
- b) representerer en bestemt type natur*
- c) på en annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om 4 bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdetets skjøtsel.

Saksbehandling

Det var lite kunnskap om dei biologiske verdiane då vi fekk tilbod om frivillig skogvern frå grunneigarane via AT Skog. Sommaren 2020 var Rådgivende Biologer i felt for å utføre kartlegging av arealet. Rapporten blir snart tilgjengeleg på Narin-basen til Biofokus. Kudalen fekk 2 til 3 stjerner i verdivurderinga frå Rådgivende Biologer.

I tillegg til utsending av oppstart - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring kunngjort i aktuelle lokalaviser og presentert på nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland.

| Namn | Tilbod | Oppstart | Høyring | Tilråding |
|---------|------------|------------|------------|------------|
| Kudalen | 30.03.2020 | 22.01.2021 | 19.02.2021 | 27.04.2021 |

Namn

Opphavleg hadde området arbeidsnamn Hunvika, som er grenda vest for tilbodsområdet. Fordi Kudalen ligg meir sentralt plassert i arealet foreslo vi dette namnet i oppstartsprosessen. Dette vart gjort i samråd med grunneigarane.



Interesser

Det er noko beite frå husdyr i det nordaustlege området av det foreslegne naturreservatet. Det er ingen skogsbil- eller traktorveger, og skogen er vanskeleg tilgjengeleg dersom skogbruk hadde vore eit alternativ for grunneigarane.

Det er ikkje registrert kulturminne i Kudalen i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.


Det er ei lita hytte ved Kudalsvatnet, samt ei tilhøyrande bod og gapahuk. Hytta har vore bygd etter 2016, jf. flyfoto. Den er ikkje veldig mykje brukt, jf. grunneigarane, og dei bêt inn gass og proviant på ryggen når dei skal inn. Grunneigarane har trekt kravet i tilbods brevet om å kunne hogge ved i naturreservatet til bruk på hytta. Bortsett frå ein sti til Dalssetra i det nordaustlege hjørnet av reservatet er det lite friluftsliv inn i kjerneområdet, og dei som brukar området er mest lokale kjentfolk. Det meste av området er bratt og utilgjengeleg, men grunneigarane er på jakt i sesongen og på synfaring fann vi spor av hjort. Hjortestammen er ikkje større enn at det var god forynging av t.d. osp.

Endringar under behandlinga av verneplanen

Det har ikkje vore grenseendringar i løpet av den formelle verneprosessen.

I oppstart og høyring var formuleringa knytt til beiting i verneområde slik: *Beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane*. Vi har endra dette til *Beiting*, i tråd med standard formulering for frivillig skogvernområde.

Statnett og NVE gav innspel om at sjølv om vernegrensa til Kudalen i nord ligg minst 33 meter frå det klausulerte rydebeltet for skog langs transmisjonslinja Ørsta-Ålfoten på 420 kV, så treng dei ha opning i verneforskrifta for drift, vedlikehald og akutt utfall av linjenettet, samt motorisert ferdsle i samband med dette arbeidet. Vi vurderte opphavleg at vernegrensa var trekt langt nok unna linjetraseen til at ein ikkje trengte tilpassingar i forskrifta, men har no lagt til opningar i verneforskrifta (§§ 4 j, 6 d, 7 k) i samsvar med innspela.



Figur 2 syner transmisjonslinja Ørsta-Ålfoten langs den nordlege grensa for det tilrådde verneområdet Kudalen naturreservat. Kartutklipp frå Statnett AS sitt innspel til verneprosessen.



Verneformål og områdestatus

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på ei sørvendt fjordside frå fjord til fjell som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, med eit mangfald av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar. Området har gamal furuskog med bjørk og osp, og mykje trelevande lav.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Arealet inngår som landbruks, natur- og friluftsliv (LNFR) i gjeldande kommuneplan. Det føreligg ingen reguleringsplanar for området. Kommunen har ikkje uttalt seg i verneprosessen.



Det tilrådde naturreservatet Kudalen har naturverdiar på regionalt til nasjonalt nivå mellom anna med gamal skog på delvis høg bonitet. Området var ikkje kjent for å ha verneverdiar før grunneigarane tilbydde arealet til frivillig skogvern. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm

Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Vi kan ikkje sjå at det er utgifter knytt til tiltak ved vern av området. Utgangspunktet for å oppretthalde verneverdiane i det tilrådde verneområdet er at skogen skal få utvikle seg utan nemneverdig skjøtsel. Det vil vere eit ordinært oppsyn i området i regi av Statens naturoppsyn (SNO). Forvaltningsstyresmakta må sørgje for tilgjengelege ressursar for administrasjon av området, til dømes ved handsaming av dispensasjonssaker og oppfølging av naturoppsynet.

Merknader til verneforslaget

Oppstart og høyringsbrev for verneområdet er sendt til relevante sentrale og lokale partar, sjå adresseliste bak i dette brevet. I tillegg til utsending av oppstart - og høyringsdokument direkte til



aktuelle høyringsinstansar, er både [oppstart](#) og [høyring](#) presentert på nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland, og kunngjort i Fjordabladet.

Oppstart vart meldt 22. januar 2021, og høyringa vart lagt ut den 19. februar 2021. Det kom inn totalt 12 uttaler til verneforslaget, og ingen av desse har vore kritiske til verneforslaget.

[Språkrådet](#) skriv i sitt brev til oppstarten at dei tilrår namnet Kudalen naturreservat som namn på det nye verneområdet i Stad.

[Norsk Bergindustri](#) skriv at det er svært viktig at ei verneforskrift tek omsyn til framtidige mogelege geologiske drivverdige førekomstar. Dei vil at §§ 4, 6-8 tek omsyn til utvinning og tilkomst til eit eventuelt utvinningsområde.

Statsforvaltaren meiner at mineralutvinning med tilkomst her ikkje er tilrådeleg eller i samsvar med verneforskrifta, og vil ikkje tilrå dette i eit naturreservat som Kudalen.

[Norges vassdrags- og energidirektorat \(NVE\)](#) og [Statnett](#) ber om at det blir teke med ei ekstra formulering inn i § 6 i forskrifta, der det blir opna for naudsynt motorisert ferdsløse i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg, og med meldeplikt i etterkant av slik aktivitet.

Statsforvaltaren har lagt til følgjande formulering i § 6 c) *Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.* Denne opninga er viktig for forsyningstryggleiken i samfunnet.

Direktoratet for mineralforvaltning, Statens vegvesen, Landbruksdirektoratet, og Forsvarsbygg har ingen vesentleg merknader.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etablering av Kudalen naturreservat i Stad kommune vil sikre naturmangfaldet i dette området mot fysiske inngrep, jf. naturmangfaldlova § 8. Det har særleg positiv betydning for artsmangfaldet her, ettersom fysiske inngrep er dokumentert å vere det største trugsmålet mot naturmangfald både globalt og lokalt i Norge.

Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor reservatgrensene, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. På den andre sida av Hundvikfjorden, høgare til fjells, ligg Ålfotbreen landskapsvernområde. Regionen har potensiale for dialog med grunneigarar som er interessert i skogvern og som har store naturverdiar.

Med bakgrunn i at vernet berre vil gje positive effektar på naturmangfaldet, vel vi å ikkje vurdere §§ 8-12 nærare (jf. rettleiar om naturmangfaldlova kap. II 2016).



Statsforvaltaren si tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår oppretting av naturreservatet Kudalen i Stad kommune. Vernekart og verneforskrifter ligg ved.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vernekart Kudalen naturreservat, Stad
- 2 Forskrift om vern av Kudalen naturreservat_tilråding



Kopi til:

| | | | |
|--|--|------|--------------|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgaten 3 | 5003 | BERGEN |
| NORGES JEGER OG FISKERFORBUND | Rygg | 6823 | SANDANE |
| AVD SOGN OG FJORDANE | | | |
| Norges Naturvernforbund | Miljøhuset, Marieboesgate 8 | 0183 | OSLO |
| Norsk Biologforening | Postboks 1066 Blindern | 0316 | OSLO |
| Norsk Botanisk Forening | c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Norskog | Postboks 123 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| STATNETT OSLO HOVEDKONTOR | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| Vest politidistrikt | Postboks 85 | 6901 | FLORØ |
| Avinor | Postboks 150 | 2061 | GARDERMOEN |
| Det norske skogselskap | | | |
| Fiskeridirektoratet | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| FORSVARSBYGG | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |
| Havforskningsinstituttet | Postboks 1870 Nordnes | 5817 | BERGEN |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 Dep | 0032 | OSLO |
| Magne Harald Hunvik | Barbra Rings Vei 3 | 1358 | Jar |
| Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet | Postboks 5003 | 1432 | ÅS |
| Norges Miljøvernforbund | Postboks 539 | 5806 | BERGEN |
| Norsk institutt for naturforskning | Postboks 5685 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| Statkraft SF | Postboks 200 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| WWF Verdens naturfond | postboks 6784 St. Olavs Plass | 0130 | OSLO |
| AT SKOG SA | Postboks 116 Sentrum | 3701 | SKIEN |
| Luftfartstilsynet | Postboks 243 | 8001 | BODØ |
| Norges Handikapforbund | Postboks 9217 Grønland | 0134 | OSLO |
| Norsk Bergindustri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Norsk Industri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| NTNU | Postboks 8905 | 7491 | TRONDHEIM |
| SFE KRAFT AS | Sørstrandsvegen 227 | 6823 | SANDANE |
| SPRÅKRÅDET | Postboks 1573 Vika | 0118 | OSLO |
| Stad kommune | Rådhusvegen 11 | 6770 | NORDFJORDEID |
| Den Norske Turistforening | Youngstorget 1 | 0181 | OSLO |
| Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard | Postboks 3021 Lade | 7441 | TRONDHEIM |
| Håkon Hunvik | Hundvikvegen 444 | 6774 | Nordfjordeid |
| Ingvill Henden | Hundvikvegen 550 | 6774 | Nordfjordeid |
| Norges Skogeierforbund | Postboks 1438 Vika | 0115 | OSLO |
| NORGES SKOGEIERFORBUND | Postboks 1438 Vika | 0115 | OSLO |
| Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| Norsk Zoologisk Forening | Boks 102 Blindern | 0314 | OSLO |
| Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet | Postboks 6050 Langnes | 9037 | TROMSØ |
| Vegdirektoratet | Boks 8142 Dep. | 0033 | OSLO |



| | | | |
|---|---|------|--------------|
| Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane | Sognefjordvegen 40 | 6863 | LEIKANGER |
| Høgskulen på Vestlandet | Postboks 7030 | 5020 | BERGEN |
| Landbruksdirektoratet | Postboks 1450 Vika | 0116 | OSLO |
| MIDTRE NØRDFJORD TURLAG | Lyngvegen 18 | 6823 | SANDANE |
| MYRBAKKEN SEVERIN | SVENDSTU OPPHUS | 2450 | RENA |
| Norges Dykkeforbund | Serviceboks 1, Ullevåll Stadion | 0840 | OSLO |
| Norges Orienteringsforbund | Postboks 5000 | 0840 | OSLO |
| Norsk Bonde- og Småbrukarlag | Akersgata 41 | 0158 | OSLO |
| Norsk institutt for bioøkonomi | Postboks 115 | 1431 | ÅS |
| Norsk Sau og Geit | Postboks 104 | 1431 | ÅS |
| SFE PRODUKSJON AS | c/o Sogn og Fjordane Energi AS Sørstrandsvegen 227 | 6823 | SANDANE |
| Stadnamntenesta på Vestlandet | Postboks 7805 | 5020 | BERGEN |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening | Postboks 5471 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Forsvarsbygg | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |
| Friluftsrådernes Landsforbund | Gamle Drammensvei 203 | 1337 | SANDVIKA |
| KS - Kommunesektorens organisasjon | Postboks 1378 Vika | 0114 | OSLO |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| LINJA AS AVD GLOPPEN | | 6823 | SANDANE |
| NHO Reiseliv | Postboks 5465 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Norges Geologiske Undersøkelse | Postboks 6315 Torgarden | 7491 | TRONDHEIM |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund | Postboks 94 | 1378 | NESBRU |
| Rønnaug Torheim | Hundvikvegen 510 | 6774 | Nordfjordeid |
| Sabima | Mariboegs gate 8 | 0183 | OSLO |
| AT Skog SA | | | |
| Fortidsminneforeningen | Dronningens gate 11 | 0152 | OSLO |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| Norges Bondelag | Postboks 9354 Grønland | 0135 | OSLO |
| Norges Kystfiskarlag | Postboks 97 | 8380 | RAMBERG |
| Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS | Postboks 7079 St. Olavs plass | 0130 | OSLO |
| Norsk Ornitologisk Forening | Sandgata 30 B | 7012 | TRONDHEIM |
| Universitetet i Bergen | Postboks 7800 | 5020 | BERGEN |
| Friluftslivets Fellesorganisasjon | Nedre Slottsgate 25 | 0157 | OSLO |
| LANDBRUKSDIREKTORATET | Postboks 1450 Vika | 0116 | OSLO |
| Natur og ungdom | Postboks 4783 Sofienberg | 0506 | OSLO |
| Naturhistorisk museum | Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Statens Kartverk | Postboks 600 Sentrum | 3507 | HØNEFOSS |
| Statnett SF | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| Technogarden | Vestfjordgaten 4 | 1338 | SANDVIKA |